



Eid kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Eid rådhus, Trollenykjen
Dato: 09.01.2019
Tid: Kl. 12:00

Følgjande medlem møtte	Parti
Hans Petter Gilleshammer	A
Inger Helen Haavik	H
John Ingvald Myklebust	H
Lars Helge Lillebø Hopland	KRF
Ann-Magritt Hopland Eikås	SP
Hege Aardal	SP
Knut Tore Nes Hjelle	V
Margot Åsebø	V

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Stein Inge Torheim	SP	Tone Flem Ulvestad	A

Møteleiar: Knut Tore Nes Hjelle

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/19	Godkjenning av møteprotokoll	
003/19	Referatsaker	
004/19	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - ekstra rullering av handlingsprogrammet 2019-2022	
005/19	Prioritering spelemidler 2018 - Eid kommune	
006/19	Leigepriser i Eid idrettshus og Eidahallen	
007/19	Orienteringssaker oppvekst- og kulturutvalet 09.01.20,19	



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/97
Saksbehandlar: Janne Endal
Andersson
Vedtaksdato: 03.01.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Oppvekst- og kulturutvalet 09.01.2019:

Handsaming:

OK- 001/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/8
Saksbehandlar: Janne Endal
Andersson
Vedtaksdato: 02.01.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019

Godkjenning av møteprotokoll

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

28.11.2018 Protokoll - Oppvekst- og kulturutvalet - 28.11.2018 1407168

Oppvekst- og kulturutvalet 09.01.2019:

Handsaming:

OK- 002/19 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/98
Saksbehandlar: Janne Endal
Andersson
Vedtaksdato: 03.01.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019

Referatsaker

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Referete saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

1, Kartlegging av sentrumsnære turvegar

Oppvekst- og kulturutvalet 09.01.2019:

Handsaming:

OK- 003/19 Vedtak:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-141, FA-C20, FE-243
JournalpostID: 18/18653
Saksbehandlar: Anna Karete Bjørlo
Vedtaksdato: 04.12.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - ekstra rullering av handlingsprogrammet 2019-2022

Bakgrunn for saka:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Eid kommune 2014-2026 vart vedteken 12.12.2013. Planen er retningsgjevande for kommunen sine prioriteringar i saker som gjeld idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. I kommunedelplanen er det eit 4-årig handlingsprogram som skal rullerast årleg. Siste vedteken handlingsprogram var 29.08.2018.

Etter sist vedteken handlingsprogram har det kome inn eit nytt innspel til rullering av handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

For å kunne søkje om spelemidlar er det eit vilkår at anlegget/tiltaket er del av vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rehabilitering av undervarmeanlegg ved Eid idrettspark blir vedtatt rullert inn i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og forslag til handlingsprogram for perioden 2018-2021 vert godkjent slil det ligg føre.

Vedlegg i saka:

04.12.2018	Handlingsprogram som skal rullerast 2019-2022 - Eid kommune	1407962
29.08.2018	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - rullering av handlingsprogrammet 2019-2022	1396313
22.08.2018	Handlingsprogram 2019-2022 - Eid kommune	1396739
28.08.2018	Rullering av kommuneplan	1398153

Handsaming:

OK- 004/19 Vedtak:

Rehabilitering av undervarmelegg ved Eid idrettspark blir vedtatt rullert inn i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og forslag til handlingsprogram for perioden 2018-2021 vert godkjent slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vart sist vedteken 29.08.2018.

Saksdokument frå dette vedtaket ligg vedlagt.

Staten sitt overordna mål er idrett og fysisk aktivitet for alle. For å oppnå dette skal staten legge til rette for at alle som ynskjer det, skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden for dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i lov om pengespel, der det går fram at 64% av overskot frå Norsk Tipping AS skal gå til idrettsformål.

Kulturdepartementet har gitt fylkeskommune fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Dei som ynskjer å bygge idrettsanlegg kan derfor søke om tilskot frå spelemidlar. Men for å kunne søkje om spelemidlar, krev Kulturdepartementet at prosjektet/tiltaket er oppført i eit handlingsprogram i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Lov 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven).
- Kulturdepartementet: Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2018.
- Kulturdepartementet: Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2018
- Regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 (vedteken 12. desember 2015)
- Kommunedelplan for idrett og fysisk i Eid kommune 2014 – 2026, vedteken 12.12.2013

Kulturdepartementet har gitt fylkeskommune fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Dei som ynskjer å bygge idrettsanlegg kan derfor søke om tilskot frå spelemidlar. Men for å kunne søkje om spelemidlar, krev Kulturdepartementet at prosjektet/tiltaket er oppført i eit handlingsprogram i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Eid kommune bad difor aktuelle lag- og organisasjonar om innspel til nye anlegg til handlingsprogrammet i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med frist 20.august 2018. Innspel som var komne inn til fristen vart vedteke rullert inn i handlingsprogrammet 29.08.2018.

Etter sist vedteke handlingsprogram har det kome inn eit nytt innspel til rullering av handlingsprogrammet for kommuneldelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Nytt innspel er:

	Innsendt av	Søknaden gjeld	Nærmiljø anlegg/ ordinært anlegg	Nytt innlegg/flytting frå langtidsplan
1	Eid idrettspark v/Oddvar OS	Rehabilitering av undervarmeanlegg	Ordinært anlegg	Nytt

Vurdering:

Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemiddlar at anlegget er del av ein vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Eid idrettspark har sendt inn søknad om spelemidlar i 2018, for tildeling i 2019. Anlegget er ikkje vedtatt i handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og spelemiddelsøknaden vil dermed ikkje blir godkjent. Det har dei siste åra vert ventetid for å få tildeling frå spelemiddelordninga. Det er derfor viktig for Eid idrettspark å bli rullert inn i handlingsprogrammet slik at dei kan få ein godkjent søknad og dermed havnar inn i køa for tildeling av spelemidlar.

Økonomiske konsekvensar:

Det er ikkje økonomisk konsekvensar for Eid kommune å rullere anlegg inn i Handlingsprogrammet. Ved søknader om spelemidlar må finansiering av Eid kommune sine egne anlegg vere på plass.



Arkiv: FE-141, FA-C20, FE-243
JournalpostID: 18/16932
Saksbehandlar: Anna Karete Bjørlo
Vedtaksdato: 12.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019

Prioritering spelemidler 2018 - Eid kommune

Bakgrunn for saka:

Eid kommune har motteke 30 søknader til spelemidler til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for søknadsrunden 2018 med tildeling i 2019.

Frist for innsending av prioriterte søknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune er sett til 15. januar 2019. Fylkeskulturutvalet gjer endeleg vedtak i saka i mai månad, når rammetilskotet til fylkeskommunen ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prioritering av ordinære anlegg:

1. **Turistløype – Harpefossen Skisenter AS (20497)** Regional plan etter 2020
2. **Snøproduksjon Turistløypa – Harpefossen Skisenter AS (70542)** Regional plan etter 2020
3. **Klubblokaler Stigedalshytta – Fellesanlegget Tua (51484)**
4. **Skiovergang Tua – Fellesanlegget Tua (51478)**
5. **Smørebod/varmestove – Fellesanlegget Tua (51479)**
6. **Rehabilitering fjellheis «H» - Harpefossen Skisenter AS (59120)** Regional plan etter 2020
7. **Fleirbrukshall Nordfjordeid Skule–Eid kommune (51482)**Regional plan 2019 (2.mill)
8. **Renovering skytebane Tua . Eidsbygda Skyttarlag (46126)**
9. **Rehabilitering leirduebane stigedalen– Eid Jeger- og Fiskarlag (46124)**
10. **Ridesti Hogaåsen og lysanlegg – Eid kommune (54737)**
11. **Klubbhus/møterom (kjøkken foaje) – Eid kommune (59883)**
12. **Klubbhus/møterom/lager Stokkenes Golfpark – Stokkenes SA (72580)**
13. **Snøproduksjon Familiebakken – Harpefossen Skisenter AS (72140)** Regional plan etter 2020
14. **Toalett Sagaparken – Eid kommune (72111)**
15. **Rehabilitering av trase Stigedalen lysløype (1973) NY 2019**
16. **Rehabilitering av undervarmeanlegg Eid idrettspark (8660) NY 2019**

Prioritering av nærmiljøanlegg:

1. **Sandvolleyballbane Sagaparken/Nordøyrane (54734)**

2. Rehabilitering Tarzanløypa Haugen Skule, Eid kommune (26769)
3. Rehabilitering av ballbinge Stårheim skule, Eid kommune (49020)
4. Klatreløype med globe og lysanlegg, Stårheimsparken, Stårheim IL (72341) NY 2019
5. Etablering av trasè Løkja, Haugen og Dalen bygdeutviklingslag (73832) NY 2019
6. Multifunksjonell ballbinge med klatrevegg, Stårheimsparken, Stårheim IL (72336) NY 2019
7. Aktivitetsløype med hump, Stårheimsparken, Stårheim IL (72340) NY 2019
8. Løpebane med lengdegrop, Stårheimsparken, Stårheim IL (72339) NY 2019
9. Kanonballbane, Stårheimsparken, Stårheim IL (72337) NY 2019
10. Padelbane ved Eid vidaregåande skule, Sogn og Fjordane fylkeskommune (73857) NY 2019
11. Etablering av ballbane Kjølsdalen bustadfelt, Eid kommune (73638) NY 2019
12. Etablering av fleiraktivitetsområdet Kjølsdalen bustadfelt, Eid kommune (73639) NY 2019
13. Etablering av ballbinge/ballbane Torvik bustadfelt, Eid kommune (74339) NY 2019
14. Etablering av aktivitetsløype Torvik bustadfelt, Eid kommune (74340) NY 2019

Atterhald

Vi tek atterhald om at det kan vere søknadar som ikkje blir godkjende. Søknadar som ikkje blir godkjende blir lagt til sist i prioriteringslista.

Vedlegg i saka:

19.12.2018	Uttale frå Eid idrettsråd	1409572
19.12.2018	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - ekstra rullering av handlingsprogrammet 2019-2022	1409573
19.12.2018	Handlingsprogram som skal rullerast 2019-2022 - Eid kommune	1409574
10.12.2018	Eid idrettsråd - Ber om uttale	1408539
10.12.2018	Prioritering spelemidlar 2018 - Eid kommune	1408540

Oppvekst- og kulturutvalet 09.01.2019:

Handsaming:

Under handsaminga fremja Knut Tore Nes Hjelle å rokere om på plass nr. 3 og 9 på rådmannen si tilråding.

Utvalet sette opp rådmannen si tilråding mot framlegget frå Knut Tore Nes Hjelle.

Rådmannen sitt framlegg fall med 0 mot 9 stemmer.

OK- 005/19 Vedtak:

Samrøystes vedteke

Prioritering av ordinære anlegg:

1. Turistløype – Harpefossen Skisenter AS (20497) Regional plan etter 2020
2. Snøproduksjon Turistløypa – Harpefossen Skisenter AS (70542) Regional plan etter 2020
3. Rehabilitering leirduebane stigedalen Tua. Eid jeger- og fiskarlag (46(124)
4. Skiovergang Tua –Fellesanlegget Tua (51478)

5. **Smørebod/varmestove – Fellesanlegget Tua** (51479)
6. **Rehabilitering fjellheis «H» - Harpefossen Skisenter AS** (59120) Regional plan etter 2020
7. **Fleirbrukshall Nordfjordeid Skule–Eid kommune** (51482)Regional plan 2019 (2.mill)
8. **Renovering skytebane Tua . Eidsbygda Skyttarlag** (46126)
9. **Klubblokaler Stigedalshytta - Fellesanlegget Tua** (51484)
10. **Ridesti Hogaåsen og lysanlegg – Eid kommune** (54737)
11. **Klubbhus/møterom (kjøkken foaje) – Eid kommune** (59883)
12. **Klubbhus/møterom/lager Stokkenes Golfpark – Stokkenes SA** (72580)
13. **Snøproduksjon Familiebakken – Harpefossen Skisenter AS** (72140) Regional plan etter 2020
14. **Toalett Sagaparken – Eid kommune** (72111)
15. **Rehabilitering av trase Stigedalen lysløype** (1973) NY 2019
16. **Rehabilitering av undervarmeanlegg Eid idrettspark** (8660) NY 2019

Prioritering av nærmiljøanlegg:

1. **Sandvolleyballbane Sagaparken/Nordøyra** (54734)
2. **Rehabilitering Tarzanløypa Haugen Skule, Eid kommune** (26769)
3. **Rehabilitering av ballbinge Stårheim skule, Eid kommune** (49020)
4. **Klatreløype med globe og lysanlegg, Stårheimsparken, Stårheim IL** (72341) NY 2019
5. **Etablering av trasè Løkja, Haugen og Dalen bygdeutviklingslag** (73832) NY 2019
6. **Multifunksjonell ballbinge med klatrevegg, Stårheimsparken, Stårheim IL** (72336) NY 2019
7. **Aktivitetssløype med hump, Stårheimsparken, Stårheim IL** (72340) NY 2019
8. **Løpebane med lengdegrop, Stårheimsparken, Stårheim IL** (72339) NY 2019
9. **Kanonballbane, Stårheimsparken, Stårheim IL** (72337) NY 2019
10. **Padelbane ved Eid vidaregåande skule, Sogn og Fjordane fylkeskommune** (73857) NY 2019
11. **Etablering av ballbane Kjølsdalen bustadfelt, Eid kommune** (73638) NY 2019
12. **Etablering av fleiraktivitetsområdet Kjølsdalen bustadfelt, Eid kommune** (73639) NY 2019
13. **Etablering av ballbinge/ballbane Torvik bustadfelt, Eid kommune** (74339) NY 2019
14. **Etablering av aktivitetssløype Torvik bustadfelt, Eid kommune** (74340) NY 2019

Atterhald

Vi tek atterhald om at det kan vere søknadar som ikkje blir godkjende. Søknadar som ikkje blir godkjende blir lagt til sist i prioriteringslista.

Saksopplysningar:

Eid idrettsråd

Eid kommune har bede Eid idrettsråd om uttale til prioritering av spelemidlar 2019. Eid

idrettsråd har følgende kommentar til prioriteringslistene som er lagt fram for vedtak: «Eid idrettsråd gikk igjennom spillemiddelsøknadene på møte i går og synes det ser bra ut. Vår eneste kommentar er at vi etterlyser at Eid kommune vedtar retningslinjer for prioritering av spillemiddelsøknader på lik linje med det fylkeskommunen har.»

Informasjon om saksgang og tildeling av spelemidler

Saksgangen for ei spelemiddelsak ser, til orientering, slik ut:

1. Anlegget vert registrert i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.
2. Utarbeiding av søknad – skjer i samarbeid mellom søkjar og kommunen.
3. Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og godkjenning i kommunen.
4. Sakshandsaming av søknaden om spelemidler av kommunen.
5. Kommunal prioritering av anlegg gjennom politisk handsaming.
6. Handsaming av søknadar om spelemidler i fylkeskommunen.
7. Oversending av søknadsoversikt frå fylkeskommunen til Kulturdepartementet.
8. Kulturdepartementet fastset rammetilskot til fylket.
9. Fordeling av tilskot til godkjende søknader – regional plan / kommunedelplanar.

Som det går fram ovanfor så fastset Kulturdepartementet rammetilskotet for spelemidler til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ved tildeling av spelemidler til fylkeskommunane legg departementet m.a. vekt på følgjande kriterium:

- Samla søknadssum frå fylket (50%)
- Folketal i fylket (25%)
- Tal anlegg i fylket (25%)

Fylkestinget har vedteke at spelemidler vert fordelt slik i Sogn og Fjordane:

- 15 % til nærmiljøanlegg
- 55 % til anlegg styrt av regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- 30 % til ordinære anlegg styrt av kommunale planar.

Innkome spelemiddelsøknader i den enkelte kommune skal prioriterast gjennom politiske vedtak i samsvar med kommunen sin kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014 - 2026. Oversikta over prioriteringane skal sendast til fylkeskommunen, som gjer endeleg vedtak i saka. Kommunen si prioriteringsliste er såleis berre rådgjevande.

Kommunen har ikkje rett til å avslå innkomne spelemiddelsøknader, men skal ved saksbehandling sjå til at søknadane er fullstendige og at nødvendige vedlegg ligg føre. Alle innkomne søknader skal, uavhengig av om søknadane er funne i orden eller ikkje, sendast til fylkeskommunen. Søknader som ikkje er fullstendige skal merkast som «ikkje i orden».

Anlegg som vert styrte av regional plan

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2018 – 2019, er den overordna og styrande planen for alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Planen har ein tekstdel, eit handlingsprogram for tiltak og eit handlingsprogram for anlegg (tildeling av spelemidler). Handlingsprogrammet for tiltak er delt i to, med ein kortsiktig del for anlegg i perioden 2018 – 2019 og ein langsiktig del for anlegg i perioden etter 2020.

Følgjande anleggstypar vert styrt av regional plan:

1. Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir.
2. Golfanlegg.
3. Hall.

4. Hoppanlegg større enn K40 inkl. plastlegging.
5. Kunstisbane.
6. Motorsportsanlegg.
7. Kunstgrasbane større enn 64 x 100 meter.
8. Symjehall.
9. Rulleskibaner

Anlegg som inngår i denne kategorien skal såleis inn i den regionale planen, og det er fylkeskommunen som i denne planen avgjer kva år det enkelte anlegget kan forvente å få utbetalt spelemidlar. Kommunen kan ikkje overstyre denne prioriteringa.

Følgjande anlegg i Eid kommune er prioriterte i handlingsprogrammet i regional plan for perioden 2018 – 2019, kortsiktig del:

Hall - etablering

1. Fleirbrukshall, Nordfjordeid skule. (1443003307/51482)Spelemidlar 2019 delutbetaling.

Følgjande anlegg i Eid kommune står i langtidsprogrammet i regional for perioden etter 2020, langsiktig del:

Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir - rehabilitering

1. Harpefossen skisenter, snøproduksjon. (1443001015/582436)
2. Harpefossen skisenter, rehab. Fjellheis «H» (1443001024/59120).

Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir - etablering

1. Harpefossen Turistløype (1443001037/20497)
2. Harpefossen snøproduksjon turistløype (1443001030/70542)
3. Harpefossen skisenter, flomlys Furuhogane
4. Harpefossen skisenter, flomlys Hammaren.
5. Harpefossen skisenter, heis Storegga.
6. Harpefossen skisenter, nedfart Storegga.
7. Harpefossen skisenter, Furuågane snøproduksjon.
8. Harpefossen skisenter, snøproduksjon Kjenndalsløypa.
9. Harpefossen skisenter, snøproduksjon utforløypa.

Hall – rehabilitering

1. Eid idrettshus, rehabilitering

Kunstgrasbaner større enn 64 x 100 meter

1. Eid stadion, rehabilitering

Symjehall rehabilitering

1. Eid symjehall, rehabilitering

Presentasjon av søknadane

Det har kome inn 30 spelemiddelsøknader for tildeling i 2019 og det er ikkje råd å leggje desse søknadane ved i sin heilskap til saka. Under vert det difor gjeve ein kort presentasjon av søknadane, slik dei er presenterte av søkjarane. Presentasjonane ligg i same rekkefølge som prioriteringslista.

Ordinære anlegg som er styrt av kommunedelplanen og regional plan

Ordinære anlegg er anlegg som i hovudsak er knytt til konkurranse- og treningsverksemt for organisert idrettsleg aktivitet. Dei tekniske krav til mål og utforming av anlegg tar utgangspunkt i konkurransereglane til dei enkelte særforbund. Det vil seie at for å få tilskot må anlegg som hovudregel kunne brukast til å avvikle konkurransar innanfor dei aktivitetane anlegget er meint for. Det finst samtidig fleire anleggstypar i denne underordninga som ikkje tar utgangspunkt i konkurransar og organisert aktivitet. Friluftlivsanlegg er ein slik kategori. Skateanlegg er ein annan anleggstype som retter seg mot eigen organisert aktivitet.

1. Harpefossen Turistløype 20497

Søknaden vart godkjent første gang i 2015. Søknadssum for 2019 er kr. 309 000. Tildeling skjer etter 2020 jf. prioritering i regional plan.

Harpefossen Skisenter har som mål å legge til rette for skiaktivitet. Tilrettelegginga er ikkje for spesielle aldersgruppe, men det er utan tvil born og unge som er den største brukargruppa ved skisenteret. Bygging av Turistløypa vil gje skianlegget eit nytt tilbod med 1200 meter blå nedfart i nedste del av anlegget ved Lystelegghogen. Denne kategori løype manglar i dag totalt på Harpefossen og vil gjere terskelen lågare for ein svært stor gruppe skikøyrarar i alle aldrar.

2. Harpefossen Snøproduksjon Turistløypa 70542

Søknaden vart godkjent første gang i 2014. Søknadssum i 2019 er kr. 1 000 000. Tildeling skjer etter 2020 jf. prioritering i regional plan.

Nedste del av alpinanlegget på Harpefossen ligg på 240 moh. Og er sørvendt. Dette gjev store utfordringar når det gjeld å ha tilstrekkeleg med snø i nedfartar under 500 moh. i slutten av sesongen når sol og mildvêr med regn kan medføre stor snøsmelting. Også tidleg på sesongen når det ikkje har kome nok natursnø, men berre kulde vil heller ikkje trasear utan snø produksjon kunne nyttast. Snøforhold til hovudtraseen kor det er snø produksjon er derimot aldri noko problem.

3. Stigedalen klubblokale 51484

Søknaden vart godkjent første gang i 2016. Søknadssum i 2019 er kr. 504 000.

Kjøp av Stigedalshytta har gitt Fellesanlegget Tua ein moglegheit til å få klubblokale nært anlegget. Det er eit stort behov for eit lokale som kan nyttast som klubblokale med servering og overnatting ved skianlegget på Tua. Det er eit området/anlegg som er mykje nytta både av turgårarar, mosjonistar, og aktive løparar. Alle desse brukargruppene vil kunne få eit betre tilbod ved etablering av desse lokalitetane. Det er og tenkt å nytte klubblokale til blant anna overnatting i samband med treningssamlingar og stemner. Dette gjev kort ved til trenings/konkurransarenaen, noko som er ein fordel reint logistikk messig ved samlingar. Med den aukande idretts/friluftaktiviteten i området Tua, Fladalen og Lindvikdalen vil dette vere eit kjærkome tilbod til utøvarar og alle brukarane av områda både sommar og vinter.

4. Skiovergang Tua 51478

Søknaden vart godkjent første gang i 2016. Søknadssum i 2019 er kr. 321 000.

Denne skiovergangen er planlagt for å kunne avlaste parkeringsproblema som er store når det er renn og utfartsdagar om vinteren. Med denne skiovergangen kan ein få alle bilane opp til parkering ved Fellesanlegget Tua, og hindre farlege parkeringar langs E39. I tillegg vil ein sleppe å nytte parkeringsplass på andre sida av E39 og ein vil då unngå farlege kryssingar av vegen. Det vil og lette tilkomsten til Fellesanlegget Tua ved at vegen blir senka, og ein slepp den bratte bakken opp frå E39.

5. Varmestove/smørjebod, toalett Stigedalen 51479

Søknaden vart godkjent første gang i 2016. Søknadssum i 2019 er kr. 450 000.

Kjøp av Stigedalshytta har gitt Fellesanlegget Tua moglegheiter til å få varmestove/smørjebod og toalett nært anlegget. Det er eit stort behov for eit lokale som kan nyttast som smørjebod, varmestove og med toalett på Fellesanlegget Tua. Det er eit området/anlegg som er mykje nytta både av turgåarar, mosjonistar, og aktive løparar. Alle desse brukargruppene vil kunne få eit betre tilbod ved etablering av desse lokalitetane. Dette anlegget skal vere ope for alle som brukar dette området. Toalett i dette området er eit stort behov for, då det er mange brukarar. Særlig om vinteren då det er stor trafikk i langrennsløypene innover dalen. Varmestove/smørjebod er det og stort behov for, då desse vil bli nytta når det er ski treningar gjennom vinteren. Det å ha ein plass å gå inn og varme seg er viktig for å rekruttere nye utøvarar i langrenn i tillegg til smørjeboda. For mosjonistar/turgåarar vil det og vere fint med å kunne gå inn i ei varmestove når dei brukar dagen ute om vinteren.

6. Harpefossen Rehabilitering fjellheis «H» 59120

Søknaden vart godkjent første gang 2012 (bytta plass med anna anlegg etter behovsvurdering av Harpefossen Skisenter AS, derav tidleg årstal.) Søknadssum for 2019 er kr 1 000 000. Tildeling skjer etter 2020 jf. prioritering i regional plan.

Harpefossen Skisenter har som mål å lette til rette for skiaktivitet. Tilrettelegginga er ikkje for spesielle aldersgruppe, men det er utan tvil born og unge som er den største brukargruppa ved skisenteret. Rehabilitering/ombygging av fjellheis H vil gje skianlegget eit nytt lavterskel tilbod fordi ein no har moglegheit til å utnytte dei 350 slakaste meterane i ein samanhengande grøn (enkel) trase for fyrste gong sidan anlegget var etablert i 1967. I kombinasjon med bygging av Turistløypa(1443001037) vil ein også få ein 1 500 meter blå løype(enkel) på Harpefossen med lys og snøproduksjon, i eit anlegg der ein i dag ikkje har blå trasear i det heile. Denne kategorien skitrek og løype manglar i dag på Harpefossen og vil gjere terskelen lågare for nybyrjarar og mindre erfarne skiløparar i alle aldrar. Det planlagde tiltaket medfører at ein får etablert skitrek med lågare brukarterskel, betre brukarvenleik, auka sikkerhet og lågare driftskostnadar enn i dag, noko som vonleg aukar rekrutteringa og aukar trivselen.

7. Nordfjordeid skule, Fleirbrukshall 51482.

Søknaden vart godkjent første gang i 2015. Søknadssum i 2019 er kr. 10 300 000. Planlagt tildeling regional plan i 2019 – delutbetaling kr. 2 000 000.

Fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule skal fungere som gymsal/idrettshall for skulen sin bruk. Samtidig skal den nyttast av lag og organisasjonar i kommunen til trening, kampar og turneringar. For skulen sin del skal hallen erstatte ein liten gymsal frå 1963. Gymsalen har

gjennom alle år vore nytta av lag og organisasjonar til idrettsaktivitetar. Det nye anlegget skal innehalde ei speleflate på 25mX45m, styrketreningsrom, to doble sett med garderober samt naudsynt lagerplass til skule, lag og organisasjonar. Hallen blir universelt utforma. Nordfjordeid skule har om lag 300 elevar og for å kunne gjennomføre ei god undervisning i kroppsøving er det naudsynt med bygging av ny gymsal. Skulen har og trong for eit lokale der ein kan samle alle elevar, tilsette og foreldre. Den nye hallen ligg midt i skuleområdet og vil kunne gje lettare tilgang til speleflater/treningsflater for Eid Ungdomsskule, Eid Vidaregåande skule og Fjordane Folkehøgskule. Hallen vil bli brukt av skulane kvar skuledag gjennom skuleåret i tidsrommet mellom kl.08.00 og kl.16.00. I mange år har lag og organisasjonar etterlyst betre kapasitet til trening og konkurransar for ulike idrettar. Eksisterande idrettshall er i sprengt i forhold til kapasitet. Den er i full bruk frå kl.07.00 – kl.23.00 alle yrkesdagar, i tillegg er den mykje nytta i helgar.

8. Skytebane 300/200/100 Renovering. Tua Skyttaranlegg 46126

Søknaden vart godkjent første gang i 2015. Søknadssum i 2019 er kr. 231 000. På Tua er det eit skyteanlegg med elektroniske skiver. Anlegget held ikkje lenger dei krav som DFS (Det frivillige skyttarvesen) set på grunn av slitasje og treng dermed renoverast. Anlegget var bygd i 1999-2000 og det er no etter endring i føresegnene at ein kan søke om rehabilitering av elektroniske skiver etter 10 år. (Før etter 20 år)Desse endringane i føresegnene vart gjort p.g.a innsendt dispensasjonssøknad frå dette anlegget.

9. Leirduebane rehabilitering Tua Skyttaranlegg - 46124.

Søknaden vart godkjent første gang i 2017. Søknadssum i 2019 er kr. 77 000. Eid Jeger- og fiskerlag ynskjer å rehabiliter leirduebana ved Tua skyttaranlegg. Dei vil skifte tak som lekk på standplass, samt drenering rundt kjeller for leirdue utkaster.

10. Ridesti Hogaåsen inkludert lysanlegg - 54737.

Søknaden vart godkjent første gang i 2017. Søknadssum i 2019 er kr. 1 400 000. Det har i lengre tid vore behov for ei køyre- og ridesti til utmarka for å unngå konflikt mellom fastbuande/grunneigarar og hestebukarar. Det vil og lett tilgangen til utmarka og hestebukarane slepp ri på trafikkerte vegar. Ved å etablerer denne vegen vil ein kunne kome seg ut i utmarka på ein veg som eg bygd for riding og køying med hest og slepp bruke gater med fastbuande for å kome seg ut. Denne vegen kan og nyttast som turveg av gåande. Det er ikkje tenkt at denne vegen skal vere tilrettelagt med universell utforming. Dette er på grunn av at terrenget gjer det umulig å bygge med dei krav til stigningsforhold som gjeld ved universell utforming. Rørslehemma kan nytte stien gjennom riding og hestekøying. Det er behov for lys i denne ridestien, dette er eit tilleggselement til sjølve ridestien.

11. Klubbhus/møterom (kjøkken) Eid idrettshus – 59883.

Søknaden vart godkjent første gang i 2017. Søknadssum i 2019 er kr. 160 000. Eid idrettshus har eit kjøkken i foajeen/møterom som treng oppdatering. Kjøkkenet er frå slutten av 70-talet og stettar ikkje krav som mattilsynet har til kjøkken og utsalsstad. Det er difor naudsynt med oppgradering. Kjøkkenet i tilknytning til møterom/foaje kan nyttast av alle brukarane i Eid idrettshus og blir utforma universelt.

12. Klubblokaler/lager Stokkens Golfpark – 72580.

Søknaden vart godkjent første gang i 2018. Søknadssum i 2019 er kr. 444 000. I samband med aktiviteten i golfklubben er behovet for eit kombinert klubbhus og garasje enormt. For å kunne tilby medlemmar og andre gjestar gode speleforhold blir maskinparken auka og derav auka behov for fasilitetar for lagring og vedlikehald. Når klubben har hatt møter og kurs har vi vore avhengige av å leige lokaler. Dette har vore utfordrande sidan vi må ta med alt av datautstyr, dokumenter etc til møtelokalet. På bakgrunn av dette blei det godkjent av årsmøtet i Golfparken at klubben skulle bygge/kjøpe klubbhus og garasje. Stokkenes golfpark kjøper derfor eksisterande garasje og skal utvide og rehabilitere denne. I bygget skal det vere kontor, garasje, verkstad, publikumstolett og dusj. Skal vere universelt utforma.

13. Snøproduksjon Familiebakken - 72140.

Søknaden vart godkjent første gang i 2018. Søknadssum i 2019 er kr. 1 000 000. Tildeling skjer etter 2020 jf. prioritering i regional plan. For å betre kapasiteten på eksisterande snøproduksjon og komplettere anlegget, ynskjer Harpefossen å få auka snøproduksjon for familiebakken. Det må skiftast ut vannrør frå pumpehuset og oppoverbakken ved tautrekka. Dimensjonen på røra er for små i dag til å få full utnytting av snøproduksjonen. Det blir derfor å skifte rør til større dimensjon i tillegg til montering av fleire snøkanoner. Harpefossen kan dermed få produsere meir kunstsnø på kortare kuldeperiodar. Det føre til at skisenteret kan halde ope lenger og gje eit betre tilbod til dei som ynskjer å stå på ski gjennom heile vinteren.

14. Sanitæranlegg Sagaparken - 72111.

Søknaden vart godkjent første gang i 2018. Søknadssum i 2019 er kr. 499 000. I samband med etablering av Sagaparken er det trong for eit sanitæranlegg. Sagaparken har mykje besøk både på dag- og kveldstid og det kan vere fleire hundre besøkande på same tid. Det er naudsynt å tilby desse eit toalett i nærleiken. Bygging av sanitæranlegg vil medføre at fleire tek turen til Sagaparken og nytte seg av dei ulike aktivitetstilbode som er etablert der. Anlegget er universelt utforma.

15. Rehabilitering av trase Stigedalen lysløype – 1973. NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 300 000. Prosjektet går i hovudsak ut på å drenere trase og flislegge topplaget. I dag går delar av løypa over myr og ein må ha fleire kalde dagar og mykje snø for å kunne preparere løypene. Dette prosjektet vil bidra til at ein kan starte preparering av løyper på eit mykje mindre snøunderlag enn slik det er i dag. Å få starte å trene på snø tidleg er viktig for rekrutteringa av barn og unge til skisporten. Eid IL ski ser det på som heilt nødvendig å gjere dette prosjektet for å fortsatt kunne halde fram med aktivitet i skigruppa.

16. Rehabilitering av undervarmeanlegg Eid idrettspark - 8660. NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr.140 000. Eid idrettspark er mest truleg det einaste anlegget i Noreg med sjøvann som direkte oppvarmingskilde. Sjøvatnet blir pumpa opp frå fjorden frå 50m djupn og blir ført i rør til

Eid idrettspark. Utfordring med satlvatnsbasert anlegg er korrosjon og tilgroing og er kome no til eit punkt der mange delar må skiftast. Utsifting av delar og tilføring av nye komponentar er nødvendig for å optimalisere drifta av anlegget.

Nærmiljøanlegg som er styrt av kommunedelplanen

Nærmiljøanlegg er utandørsanlegg som ikkje er spesielt tilrettelagt for organisert konkurranseidrett, men der målsettinga er opne og tilgjengelege aktivitetsanlegg for alle, beregnet for eigenorganisert fysisk aktivitet. Anlegga er ofte lokalisert saman med skular, og skal ligge i områder der folk bur og/eller opphelde seg. Ordninga rettar seg først og fremst mot anlegg for barn og ungdom i alderen 6-19 år.

1. Sandvolleyballbane Sagaparken/Nordøyrane - 54734

Søknaden vart godkjent første gang i 2017. Søknadssum i 2019 er kr. 194 000. Eid kommune har bygd ut eit friområdet ved sjøen på Nordøyrane. På dette området skal det leggst til rette for bading, leik, grilling og ymse trenings- og idrettsaktivitetar. Eit av trenings- og idrettstilboda skal vere sandvolleyball. Sandvolleyball er eit flott alternativ for å aktivisere folk i alle aldersgrupper då det ikkje krev so mykje for å delta. Bana blir open for fri bruk til eigenorganisert aktivitet. Det er lett tilkomst til sandvolleyballbana då den har gangveggar på tre av sidene.

2. Rehabilitering Tarzanløypa Haugen Skule, Eid kommune - 26769

Søknaden vart godkjent første gang i 2018. Søknadssum i 2019 er kr. 58 000. På uteområdet til Haugen skule er det montert ein tarzan jungel som no er over 10 år og har stort behov for rehabilitering. Tarzan jungelen skal få nye dekk, nye tau og nytt fallunderlag. Tarzan jungelen er mykje i bruk i skuletida av Haugen skule og av Haugen barnehage, samt at den er flittig i bruk utanfor skuletida.

3. Rehabilitering av ballbinge Stårheim skule, Eid kommune – 49020.

Søknaden vart godkjent første gang i 2018. Søknadssum i 2019 er kr. 75 000. Ballbingen var montert i 2006 og har nådd levetid på 10 år og har hatt eit stort behov for nytt dekke. Ballbingen er mykje i bruk i skuletida og på kveldstid. Ballbingen får nytt dekke, vedlikehaldsløft på rekkverk, mål og basketkorger.

4. Klatreløype med globe og lysanlegg, Stårheimsparken, Stårheim IL- 72341 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 600 000. Dette er ein del av Stårheimsparken ved Stårheim skule. Stårheimsparken inneheld 6 ulike anlegg samt lysanlegg for heile området. Parken skal etablerast på grusbana på nedsida av Stårheim skule. Målet med denne parken er å skape ein sosial møteplass og læringsarena for heile Stårheimsbygda og for tilreisande, som legg til rette for auka fysisk aktivitet. Klatreløypa har ulike klatreinnretningar, balansestubar og klatretårnet The Globe. I dette anlegget er det også rekna inn lyssetting av heile anlegget. Det har vore viktig å velje klatreinnretningar som mange kan klatre i samstundes.

5. Etablering av trasè Løkja, Haugen og Dalen bygdeutviklingslag – 73832 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 298 791. Haugen og dalen bygdeutviklingslag ynskjer å etablere ei turløype, som er 1 km lang, på Løkja frå Skrivarlada ved Leikvin via verftsområdet på Løkjaneset, vidare opp langs Hjalma til Botnane. Det er pr. i dag ikkje nokon bilfri turløype med tilstrekkelig standard for alle brukargruppe på Hauane/Løkja. Løypa skal universelt opparbeidast slik at det kan brukast av gåande i alle aldra, syklende, barnevogn og rullestol. Turløypa vil fungere som ein sjølvstendig rundløype med eksisterande vegar, men er også planlagt som første trinn av i alt 5 turløypetrasear som dannar eit større rundløypenett.

6. Multifunksjonell ballbinge med klatrevegg, Stårheimsparken, Stårheim IL – 72336 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 300 000. Dette er ein del av Stårheimsparken ved Stårheim skule. Stårheimsparken inneheld 6 ulike anlegg samt lysanlegg for heile området. Parken skal etablerast på grusbana på nedsida av Stårheim skule. Målet med denne parken er å skape ein sosial møteplass og læringsarena for heile Stårheimsbygda og for tilreisande, som legg til rette for auka fysisk aktivitet. Ein multifunksjonell ballbinge kan nyttast til mange ulike aktivitetar, som fotball, handball, volleyball, basket, badminton/tennis, bandy, klatring m.m. Ballbingen skal ha veggar for balleik mot vegg og vil ha klatrevegg/buldrevegg på utsida av eine kortveggen.

7. Aktivitetsløype med hump, Stårheimsparken, Stårheim IL - 72340 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 300 000. Dette er ein del av Stårheimsparken ved Stårheim skule. Stårheimsparken inneheld 6 ulike anlegg samt lysanlegg for heile området. Parken skal etablerast på grusbana på nedsida av Stårheim skule. Målet med denne parken er å skape ein sosial møteplass og læringsarena for heile Stårheimsbygda og for tilreisande, som legg til rette for auka fysisk aktivitet. Aktivitetsløype skal vere innbydande og vere funksjonell både til leik, sykling, balanse- og koordinasjonstrening. Anlegget har hump med sklie, gummikuler (klatrekuler), trampoliner, samt bokstavar og tal i gummiunderlaget. Anlegget har kombinert solsystem og bocciabane. Denne vil bli tilrettelagt for eldre. Solsystemet kan også nyttast til aktivitetsleikar som rødt lys, alle mine duer m.m.

8. Løpebane med lengdegrop, Stårheimsparken, Stårheim IL – 72339 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 300 000. Dette er ein del av Stårheimsparken ved Stårheim skule. Stårheimsparken inneheld 6 ulike anlegg samt lysanlegg for heile området. Parken skal etablerast på grusbana på nedsida av Stårheim skule. Målet med denne parken er å skape ein sosial møteplass og læringsarena for heile Stårheimsbygda og for tilreisande, som legg til rette for auka fysisk aktivitet. Dobbelt løpebane med lengdegrop skal vere med heilstøppt gummidekke.

9. Kanonballbane, Stårheimsparken, Stårheim IL – 72337 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 300 000. Dette er ein del av Stårheimsparken ved Stårheim skule. Stårheimsparken inneheld 6 ulike anlegg samt lysanlegg for heile området. Parken skal etablerast på grusbana på nedsida av

Stårheim skule. Målet med denne parken er å skape ein sosial møteplass og læringsarena for heile Stårheimsbygda og for tilreisande, som legg til rette for auka fysisk aktivitet. Kanonballbane skal vere med heilstøypt gummidekke og inndelingar til ulike ballspel (kanonball, slåball, dødball m.m.). Fargen i kanonballbana kan også bli laga til som ei forlenging av løpebana.

10. Padelbane ved Eid vidaregåande skule, Sogn og Fjordane fylkeskommune -73857 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 904 951. Sogn og fjordane fylkeskommune, v/ Eid vidaregåande skule planlegg å etablere padeltennisbane ved Eid Vidaregåande skule inkludert lysanlegg. Padeltennis er ei blanding av tennis og squash. Det er eit lågterskel aktivitet og kan drivast av alle, inkludert dei med rullestol. Anlegget skal nyttast i kroppsøvingsundervisninga til skulen og eigentrenging, i tillegg er det ope for fri bruk resten av tida. Det er vurdert at anlegget vil ha stor verdi for trivsel og folkehelse både for elevane ved vidaregåande skule, ungdomsskuleelevar, Meltunet barnevernsinstitusjon og lokalsamfunnet.

11. Etablering av ballbane Kjølsdalen bustadfelt, Eid kommune -73638 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 86 760. I samband med utviding av bustadfelt i Kjølsdalen skal det etablerast ein aktivitetsplass/leikeplass. På denne plassen skal det etablerast ein ballbane som vil i tilknytning til bustadfelt vere viktig for å auke trivsel og legge til rette for fysisk aktivitet i nærområdet.

12. Etablering av fleiraktivitetsområdet Kjølsdalen bustadfelt, Eid kommune -73639 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 78 806. I samband med utviding av bustadfelt i Kjølsdalen skal det etablerast ein aktivitetsplass/leikeplass. I dette området skal det etablerast eit klatrestativ. Etablering av klatrestativ i tilknytning til bustadfelt er viktig for å auke trivsel og legge til rette for fysisk aktivitet i nærområdet.

13. Etablering av ballbane Torvik bustadfelt, Eid kommune – 74339 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 206 000. I samband med etablering av bustadfelt i Torvika på Stårheim skal det etablerast ein aktivitetsplass/leikeplass. Det skal etablerast ei ballbane som vil i tilknytning til bustadfelt vere viktig for å auke trivsel og legge til rette for fysisk aktivitet i nærområdet.

14. Etablering av aktivitetsløype Torvik bustadfelt, Eid kommune – 74340 NY 2019

Søknaden vart godkjent første gang i 2019. Søknadssum i 2019 er kr. 300 000. I samband med etablering av bustadfelt i Torvika på Stårheim skal det etablerast ein aktivitetsplass/leikeplass. Det skal etablerast ei aktivitetsløype som skal innehalde balansebom, armgang, skranke, hevestenger, balansesteinar og klatrestativ. Etablering av aktivitetsløypa i tilknytning til bustadfelt er viktig for å auke trivsel og legge til rette for fysisk aktivitet i nærområdet.

Vurdering:

Eid kommune skal som nemnt prioritere spelemiddelsøknadane før dei vert sendt vidare til fylkeskommunen. Ein prioriterer då mellom ordinære anlegg og mellom nærmiljøanlegg. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv med handlingsprogram og kommunen sin kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med handlingsprogram vil danne grunnlaget for prioriteringane.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin regional plan

Eid kommune sine anlegg som inngår i regional plan vil bli vurdert og prioritert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Desse anlegga kan forvente tildeling av spelemidlar etter regional plan i 2019, jf. Handlingsprogrammet 2018-2019, kortsiktig del:

- **Fleirbrukshall (Eidahallen) kr. 2 000 000. (restutbetaling på kr. 8 000 000 blir i neste planperiode)**

Anlegg som ikkje er prioritert i noverande plan vil bli rullert inn i samband med revidering av regional plan. Denne planen vil bli revidert av fylkeskommunen i 2020, med handlingsprogram 2020-2023. Kommunene kan då kome med innspel til denne planen og tiltak som får tildeling i denne perioden vil kome fram når denne planen er klar.

Eid kommune sin kommunedelplan

Eid kommune sine anlegg som ikkje inngår i regional plan vil bli vurdert og prioritert av Sogn og Fjordane fylkeskommune på lik line med andre innkomne søknader i fylket. Eid kommune har over lengre tid prioritert etter hovudregelen om at dei anlegga som har stått lengst på lista vert prioritert først, jf. side 10 i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014 – 2026. Unntak frå dette utgangspunktet har blitt gjort, mellom anna etter dialog med den enkelte søkjar som har fleire søknadar inne. Ein har då endra rekkefølga på planlagde anlegg ut frå kva anlegg søkjar har ynskt å realisere først eller meiner er det viktigaste å prioritere.

Prioriteringsliste

Prioriteringslista som no vert lagt fram er ei vidareføring av fjorårets prioriteringsliste, med unntak av dei anlegga som fekk tildelt spelemidlar i 2018, som naturleg nok er tekne ut. Nye søknadar er lagt til i slutten av listene jf. avsnittet over. Når det er fleire søknadar same året har Eid kommune prioritert Eid kommune sine søknadar til slutt, då Eid kommune kan vente lenger på tildeling enn eit lite lag/organisasjon.

Det har tidlegare vore ytra ynskje frå oppvekst- og kulturutvalet om å få på plass meir detaljerte retningslinjer for prioritering av spelemiddelsøknader. I planstrategi 2016 – 2020 for Eid kommune er det lagt opp til at kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal inngå i ny kommunedelplan for strategisk utvikling. Strategisk utviklingsplan er under arbeid, men grunna samanslåing til Stad kommune vil dette ta lenger tid enn forventa. I samband med denne planprosessen er det naturleg å diskutere prinsipp for prioritering av spelemidlar.

Tildeling av spelemidlar i Eid kommune 2018

Idrettsanlegg i Eid kommune fekk tilsaman tildeling av spelemidlar på **kr. 3 393 000 i 2018.**

Ordinære anlegg:

- Stigedalen, utviding løypetrase Fladalen/Lindvikedalen/Movatnet - Eid idrettslag - kr.110 000.
- Skiskyttarstadion klubbhus - Harpefossen Skisenter AS - kr. 542 000.
- Naustdalskamben dagsturhytte - Eid kommune - kr. 339 000.

Nærmiljøanlegg:

- Ballbinge Nordfjordeid skule 2 tiltak - Eid kommune - kr.511 000.
- Ballbinge Alsaker grend - Alsaker grendalag - kr.255 000.
- Treningsapparat Sagaparken - Eid kommune - kr. 65 000.

Regional plan:

- Utforløype rehabilitering - Harpefossen Skisenter AS - kr. 171 000.
- Rulleskibane 2 tiltak - Harpefossen Skisenter AS - kr. 1 400 000

Økonomiske konsekvensar:

Garanti

Når samla tilskot til nybygg og/eller rehabilitering av anlegg overstig kr 4 000 000, må kommunen der anlegget ligg, eventuelt fylkeskommunen, garantere for tilbakebetaling av tildelte og utbetalte spelemidlar ved tilskotsmottakar sitt eventuelle misleghald av vilkår for tildeling av spelemidlar.

Garantikravet gjeld ikkje for anlegg der kommunen eller fylkeskommunen står som søker, og garantikravet gjeld elles berre for desse anleggstypane:

- alle typar hallar
- alpinanlegg
- golfanlegg
- motorsportanlegg
- kunstisbaner (hurtigløp og/eller bandy)
- rideanlegg

Garantien skal vere ein sjølvskyldnargaranti og garantitida skal være 20 år. Garantien skal vere stilt ved søknad om tilskot, og utskrift av garantien skal følge søknaden. Kommunale garantiar der maksimumsansvaret er over kr 500 000, krev statleg godkjenning (av fylkesmannen).

Som nemnt ovanfor, så gjeld garantikravet for alpinanlegg i den grad samla tilskot til nybygg og/eller rehabilitering av anlegget overstig kr 4 000 000. Dersom anlegget har motteke spelemidlar tidlegare, skal ein i utrekningsgrunnlaget for samla tilskot ta med tildelte tilskotsbeløp i løpet av dei fem siste åra. For alpinanlegg er det elles berre tilskot til nyetablering/rehabilitering til sjølve alpinanlegget, slik som heis, nedfart, lysanlegg og snøproduksjon, som skal reknast med. Andre omkringliggende anlegg, slik som varmestove, smørebod, turløyper, skal ikkje reknast med i det samla tilskotet for alpinanlegget.

Problemstillinga knytt til garanti gjer seg først og fremst gjeldande for Harpefossen skisenter. Rådmannen har, i samråd med Harpefossen skisenter, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kulturdepartementet gått gjennom tidlegare og noverande spelemiddelsøknader og gjort ei vurdering av kva slags søknader som skal inngå i utrekningsgrunnlaget for den kommunale garantien.

Anlegga som skal inngå i garantien er vist i tabellane under.

Tildelt og utbetalte spelemidler siste 5 år						
Anleggsnr.	Namn	År	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Tildelt	Inndratt
24031	Furuhogane skitrekk	2014	6 974 000	1 000 000	1 000 000	0
24032	Furuhogane skibakkar	2014	1 597 000	532 000	533 000	0
51481	Tautrekk	2016	599 406	300 000	300 000	0
47352	Rehabilitering Fjellheis "J"	2017	1 536 000	512 000	515 000	0
52434	Familieløype utviding	2017	341 488	114 000	114 000	0
70544	Snøprod.Høgeb akkløypa	2017	3 071 200	1 000 000	1 000 000	0
47355	Rehabilitering utforløype	2017	512 998	171 000	171 000	-
				SUMtildelt	3 633 000	SUMutbetalt
Fornya og nye søknadar 2018						
Anleggsnr.	Namn	År	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Tildelt	Inndratt
59120	Rehabilitering fjellheis "H"	2017	2 998 144	1 000 000		
70542	Snøprod. Turistløype	2017	3 040 752	1 000 000		
20497	Turistløypa	2017	927 209	309 000		
72140	Snøprod. Familiebakken	2017	3 001 622	1 000 000		
			SøknadsSUM	3 309 000		
Totalt garantibehov			6 942 000	(sum tildelt + søknadssum2018)		

Det totale garantibehovet vert etter dette på kr 6 942 000.

Eid kommunestyre gav i møte den 11. desember 2014, sak KS-140/14, ein garanti på kr 12 500 000, basert på ei vurdering av at det framtidige garantibehovet minimum ville vere på kr 11 300 000. Talet ein la til grunn då, baserte seg på at Eid kommune skulle garantere for alle typar spelemiddelsøknader frå Harpefossen skisenter.



Arkiv: FE-151
JournalpostID: 19/54
Saksbehandlar: Elin Leikanger
Vedtaksdato: 02.01.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Leigeprisar i Eid idrettshus og Eidahallen

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok følgjande verbalframlegg i sak KS 159/18 Årsbudsjett 2019 økonomiplan 2019-2022:

1. Kommunestyret ber om at Eid Idrettshus og/eller Eidahallen blir stilt til disposisjon gratis for inntil to turneringar/helge-arrangement pr år for hall-idrettar som leiger hallkapasitet for minimum 50.000 kr pr år, for å gjere det lettare for idrettslaga å skaffe egne inntekter. Kommunestyret ber også om at hall-idrettane sjølve får disponere halltida internt, inkludert treningstider som i dag er ledige, innanfor same økonomiske ramme som i dag. Det vil gjere det mogleg for laga å redusere leigeprisane for dei yngste.

I same sak vart også betalingsattsar for idrettshallane vedtekne. Satsane tek ikkje høgde for innhaldet i verbalframlegget. Denne saka vert difor lagt fram for å avklare utleivevilkåra tydlegare.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Verbalframlegg 1 sak KS 159/18 vert oppheva
2. Leigesattsar for lag og organisasjonar i Eid idrettshus (inkl symjehallen) vert redusert med 25 % i 2019 som ei prøveordning. Administrasjonen skal i løpet av første halvår legge fram sak om kommunal tilrettelegging for frivillig sektor, der halleige inngår som tema.
3. Innanfor ordinær arbeidstid kan lag og organisasjonar vederlagsfritt få leige hallane i skuleferiane. Dette må avtalast i kvart tilfelle, og det er ein føresetnad at utleige ikkje er til hinder for planlagd drift og vedlikehald.

Oppvekst- og kulturutvalet 09.01.2019:

Handsaming:

Fellesframlegg til nytt punkt nr. 4

Om lag eller organisasjonar ønskjer det, stiller kommunen Eid Idrettshus og Eidahallen til disposisjon for "open hall" fredagar frå kl.18.00 til variert aktivitet. Lag og organisasjonar kan dele på oragniseringa, og må søkje Eid kommune ein månad i førevegen. Laga er ansvarlege for tryggleiken og for tilbodet om kiosk.

Utvalet sette rådmannen sitt framlegg opp i mot fellesframlegget. Rådmannen sitt framlegg fall med 0 - mot 9 stemmer.

OK- 006/19 Vedtak:

Vedtak: Samrøystes vedteke.

1. Verbalframlegg 1 sak KS 159/18 vert oppheva
1. Leigesatsar for lag og organisasjonar i Eid idrettshus (inkl symjehallen) vert redusert med 25 % i 2019 som ei prøveordning. Administrasjonen skal i løpet av første halvår legge fram sak om kommunal tilrettelegging for frivillig sektor, der halleige inngår som tema.
1. Innanfor ordinær arbeidstid kan lag og organisasjonar vederlagsfritt få leige hallane i skuleferiane. Dette må avtalast i kvart tilfelle, og det er ein føresetnad at utleige ikkje er til hinder for planlagd drift og vedlikehald.
2. Om lag eller organisasjonar ønskjer det stiller kommunen Eid Idrettshus og Eidahallen til disposisjon for "open hall" fredagar frå kl.18.00 til variert aktivitet. Lag og organisasjonar kan dele på organiseringa, og må søkje Eid kommune innan ein månad i førevegen. Laga er ansvarlege for tryggleiken og for tilbodet om kiosk.

Saksopplysningar:

Verbalframlegget er todelt:

1. Kommunestyret ber om at Eid Idrettshus og/eller Eidahallen blir stilt til disposisjon gratis for inntil to turneringar/helge-arrangement pr år for hall-idrettar som leiger hallkapasitet for minimum 50.000 kr pr år, for å gjere det lettare for idrettslaga å skaffe egne inntekter.

Konkret vil dette innebere gratis halleige to gongar i året for følgjande lag:

Eid IL Turngruppa
Eid IL Handball
Haugen IL Handball
Eid IL Symjegruppa

Årskostnad for kommunen vil utgjere kring kr 40.000. Vi gjer samstundes merksam på at også Eid IL fotball leiger garderobe/hall i idrettshuset for kring kr 50.000. Det bør avklarast kor vidt pkt 1 skal gjelde også for fotballen, sjølv om dette ikkje er ein

hallidrett.

2. Kommunestyret ber også om at hall-idrettane sjølve får disponere halltida internt, inkludert treningstider som i dag er ledige, innanfor same økonomiske ramme som i dag. Det vil gjere det mogleg for laga å redusere leigeprisane for dei yngste.

Pr januar 2019 er det ledig hallkapasitet følgjande dagar:

Eidahallen – stort sett full alle dagar unnateke fredag ettermiddag. Ledig tirsdag og torsdag etter kl 20.00

Eid idrettshus – idrettshall – ledig fredag etter kl 18

Eid Idrettshus – symjehall – stort sett utleigd/opptatt (offentleg bading)

Hallane er meir ledig i perioden april/august

Vi tolkar framlegget slik at organisasjonane framleis skal betale same leigesum som i 2018, men at dei sjølve skal fordele halltida seg i mellom. Administrasjonen er redd denne modellen vert svært vanskeleg å forvalte. Før vi set i verk ei slik løysing må vi avklare om dette er ei løysing leigetakarane ønskjer. Vi må sikre oss at nokon tek på seg ansvar for fordeling av leigetida, og at det vert etablert gode rapporteringsrutinar til teknisk drift. Dette er heilt avgjerande for planlegging av reinhald og vaktmeistertenester

Vurdering:

Kommunestyret vedtok Frivilligpolitisk plattform i 2018. Eit av dei prioriterte tiltaka er følgjande: *«Kommunen stiller skulelokale vederlagsfritt til disposisjon for frivillige organisasjonar og andre ikkje-komersielle tiltak i nærmiljøet. Sak om reduksjon/fjerning av leigesatsar i andre kommunale bygg og idrettsanlegg skal setjast på dagsorden.*

Administrasjonen ser at god tilrettelegging for lågterskel aktivitetstilbod, særleg tilbod for barn og unge, vil vere avgjerande om vi skal klare å bremse auken i meir kostnadskrevjande kommunale pleie- og omsorgstilbod. Det er viktig at vi snarast råd kan førebu ei sak der premissar for kommunal støtte til frivillig sektor vert vurdert i ein større samanheng. Dei frivillige må involverast i denne prosessen. Den kommunale Eid frivilligsentral skal ha si første årssamling i februar, og dette kan vere eit aktuelt tema for denne årssamlinga. Redusert halleige vil vere ei god støtte til lag og organisasjonar som driv hallidrett, men vi må også vurdere korleis kommunen kan støtte opp om andre fritidsaktivitetar.

Fritak for halleige etter pkt 1 er enkelt å innføre. Før pkt 2 kan gjennomførast må vi gjere avtale med leigetakarane om korleis denne løysinga skal forvaltast. Dette tek tid, og vi ønskjer å vurdere ei slik endring i ein større samanheng. Tettare samarbeid mellom kommunen og frivillige er avgjerande for at vi skal lukkast i arbeid med førebygging av barnefattigdom og utanforskap.

Vi foreslår at verbalframlegg 1 vert oppheva, og at vi i staden testar ut følgjande prøveordning for 2019:

- leigesatsar i Eid idrettshus (inkl symjehallen)/Eidahallen vert redusert med 25 %
- føresetnad for dette er at administrasjonen i løpet av første halvår legg fram sak om kommunal tilrettelegging for frivillig sektor, der halleige inngår som tema.

Det kan vere aktuelt å krevje full leige som før for seniorlag. Vi må då ha med oss at dei fleste spelarane er under 19 år

Vi ser også at det kan vere rom for å tilrettelegge for aktivitetar i skuleferiane utan at dette har ein stor kostnad for kommunen. Organisasjonar kan fritt få nytte kommunale anlegg innanfor ordinær arbeidstid til td allidrett, handballskule, fotballskule og symjekurs.

Økonomiske konsekvensar:

Førebels rekneskap for 2018 tyder på at inntekter frå utleige av idrettshallane vil utgjere kring kr 760.000,-. Redusert halleige første halvår vil ha isolert sett ha ein kostnad på ca kr 190.000. På den andre sida vil laga truleg auke treningstida, noko som vil redusere kommunen sin nettokostnad.

Det er avsett ein eigen budsjettpost på kr 25.000 til dekking av halleige. Vi føreset at dette ikkje lenger vert utbetalt, og at kommunen sin samla kostnad då vert uendra jf kommnestyret sitt verbalframlegg 1.



Arkiv: FE-040
JournalpostID: 19/10
Saksbehandlar:
Vedtaksdato: 02.01.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/19	Oppvekst- og kulturutvalet	09.01.2019

Orienteringssaker oppvekst- og kulturutvalet 09.01.20,19

Bakgrunn for saka:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Orienteringa vert teken til vitande.

Oppvekst- og kulturutvalet 09.01.2019:

Handsaming:

Kommunalsjefen orienterte om saka, og den blir drøfta med styrarane og rektorane før vedtak blir fatta.

Utvalet blir orientert på neste utvalsmøte.

OK- 007/19 Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.